



# MØTEPROTOKOLL

**Utval:** Formannskapet  
**Møtestad:** Voldsfjorden, Volda rådhus  
**Dato:** 02.05.2017  
**Tid:** 12:00

Faste medlemmer som møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Jørgen Amdam	Leiar	AP
Odd Harald Sundal	Medlem	SP
Sølvi Dimmen, møte kl. 12:15	Medlem	SP
Gunnar Strøm	Medlem	SV
Margrete Bjerkvik	Medlem	KRF
Anders Egil Straume	Medlem	KRF
Odd Arne Folkestad	Medlem	FRP
Dan Helge Bjørneset	Medlem	H

Faste medlemmer som ikkje møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Fride Schjølberg Sortehaug	Nestleiar	V

Varamedlemmer som møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Øyvind Festø	Fride Schjølberg Sortehaug	MDG

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Rune Sjugard	Rådmann
Asbjørn Moltudal	Ass. rådmann PS 73/17

OS 71/17 Synfaring Volda ungdomsskule: Ass. oppvekstsjef, Lene Nupen, rektor Volda ungdomsskule Inger Anne Kvamme, ass. rektor Line Homberset, driftsleiar Trond Barstad og driftsteknikar for bygget Odd Johan Fremmerlid.



## SAKLISTE

<b>Saksnr.</b>	<b>Sak</b>
PS 69/17	<b>Godkjenning av innkalling og sakliste</b>
PS 70/17	<b>Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte</b>
PS 71/17	<b>Orienteringssaker</b>
OS 71/17	<b>Synfaring Volda ungdomsskule</b>
PS 72/17	<b>Heltne/Bratteberg, gbr 27/57 - fastsetjing av tomtepris</b>
PS 73/17	<b>Symjebasseng i sentrum i Volda kommune - spørsmål om framtidig leige i symjehallen etter 2020.</b>
PS 74/17	<b>Referatsaker</b>
RS 6/17	<b>Protokoll årsmøte 2016 Destinasjon Ålesund &amp; Sunnmøre</b>
OS 72/17	<b>Volda fjordhotell – Reguleringsplan</b>
OS 73/17	<b>Voldatunell</b>
OS 74/17	<b>Campusutvikling - Ressursar til å bistå kommunen i planlegging av kulturhus og kino</b>
OS 75/17	<b>Stevning Prosjektbygg as for avlysing av konkurranse - totalentreprise for klimaskjerm Ivar Aasen-bygget</b>
OS 76/17	<b>Sal av Sanitetshuset - plassering av nytt hovudreinseanlegg</b>
OS 77/17	<b>Volda fiskerihamn - avhending</b>

**PS 69/17 Godkjenning av innkalling og sakliste**

**Handsaming:**

Det var åtte møtande ved møtestart.

**Innkalling:**

Det var ingen merknader til innkallinga.



## VOLDA KOMMUNE

### **Sakliste:**

Gunnar Strøm bad om at kart over tomta, i sak PS 72/17, vert delt ut i møtet.

Rådmannen bad om at følgjande orienteringssaker vert sett på saklista:

- Avtale vedk. konsulentbistand til planlegging av kulturhus og kino – Campusutvikling.
- Sal av Sanitetshuset – orientering om brev til eigedomsmeklar
- Stevning av Prosjektbygg AS – avlysing av konkurranse Ivar Aasen-bygget

Odd A. Folkestad bad om at følgjande orienteringssaker vert sett på saklista:

- Status Volda fjordhotell
- Voldatunell

Gunnar Strøm ynskjer ei orientering frå oppvekstsektoren om bemanning i barnehagane.

Dan Helge Bjørneset bad om ei orientering om status for avhending av Volda fiskerihamn.

### **Røysting:**

Innkalling og sakliste, med tillegg frå rådmannen, Odd A. Folkestad, Gunnar Strøm og Dan Helge Bjørneset, vart samrøystes godkjent.

### **PS 70/17 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte**

Møteprotokollen frå sist møte den 18. april, vart samrøystes godkjent.

### **PS 71/17 Orienteringssaker**

### **OS 71/17 Synfaring Volda ungdomsskule**

Det vart halde synfaring på Volda ungdomsskule. Frå administrasjonen møtte ass. oppvekstsjef Lene Nupen, rektor Inger Anne Kvamme, ass. rektor Line Hømberset, dritsleiar FDV Trond Barstad og driftsteknikar for bygget.

Sølvi Dimmen møtte kl. 12:15.

### **PS 72/17 Heltne/Bratteberg, gbr 27/57 - fastsetjing av tomtepris**

**Administrasjonen si tilråding:**



## VOLDA KOMMUNE

*Salsvilkår for Bratteberg I austre del, vert nytta for å rekne ut salsprisen for gbr. 27/57 i Heltne/Bratteberg. Dette for at tomteprisen skal verte rett i høve dagens marknadspris.*

### **Handsaming:**

Kart over tomta vart delt ut i møtet.

### **Røysting** (ni røysteføre):

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

### **Vedtak i formannskapet - 02.05.2017:**

*Salsvilkår for Bratteberg I austre del, vert nytta for å rekne ut salsprisen for gbr. 27/57 i Heltne/Bratteberg. Dette for at tomteprisen skal verte rett i høve dagens marknadspris.*

### **PS 73/17 Symjebasseng i sentrum i Volda kommune - spørsmål om framtidig leige i symjehallen etter 2020.**

#### **Administrasjonen si tilråding:**

1. *Formannskapet i Volda syner til saksutgreiinga under og vil allereie no signalisere at det ikkje vil vere framtidsretta for kommunen å halde fram med å leige symjehallen ut over 2020 på dei nye vilkåra som går fram av skrivet.*
2. *Med tilvising til pkt. 1 må kommunen sette i verk ein prosess for å oppretthalde lovpålagt symjeopplæring for elevane i sentrum frå det tidspunktet kommunen ikkje lenger er leigetakar i symjehallen.*
3. *Primært ynskje Volda kommune å byggje 25 meters basseng på høgskuletomta evt. i tilknytning til Volda Campus Arena) og evt. med opplæringsbasseng i tillegg. Ein føresetnad for ei slik løysing er ei betydeleg medverknad i form av leige frå Høgskulen og evt. andre leigetakarar og bidragsytarar.*
4. *Dersom pkt. 3 ikkje er mogleg å realisere vil Volda kommune bygge 12,5 m basseng knytt til Øyra skule.*

### **Handsaming:**

Sakshandsamar Asbjørn Moltudal møtte under handsaminga av saka.

### **Røysting** (ni røysteføre):

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.



## VOLDA KOMMUNE

### Vedtak i Formannskapet - 02.05.2017:

- 1. Formannskapet i Volda syner til saksutgreiinga under og vil allereie no signalisere at det ikkje vil vere framtidsretta for kommunen å halde fram med å leige symjehallen ut over 2020 på dei nye vilkåra som går fram av skrivet.*
- 2. Med tilvising til pkt. 1 må kommunen sette i verk ein prosess for å oppretthalde lovpålagt symjeopplæring for elevane i sentrum frå det tidspunktet kommunen ikkje lenger er leigetakar i symjehallen.*
- 3. Primært ynskje Volda kommune å byggje 25 meters basseng på høgskuletomta evt. i tilknytning til Volda Campus Arena) og evt. med opplæringsbasseng i tillegg. Ein føresetnad for ei slik løysing er ei betydeleg medverknad i form av leige frå Høgskulen og evt. andre leigetakarar og bidragsytarar.*
- 4. Dersom pkt. 3 ikkje er mogleg å realisere vil Volda kommune bygge 12,5 m basseng knytt til Øyra skule.*

### PS 74/17 Referatsaker

### RS 6/17 Protokoll årsmøte 2016 Destinasjon Ålesund & Sunnmøre

### OS 72/17 Volda fjordhotell - Reguleringsplan

Odd A. Folkestad viste til kommunestyrevedtak frå 28.02.2013 vedk. godkjenning av reguleringsplan for Volda Fjordhotell og reiste spørsmål om status for saka. Ordføraren vil sjå på saka, og gi tilbakemelding til formannskapet om status og vidare framdrift.

### OS 73/17 Voldatunell

Odd A. Folkestad reiste spørsmål om status for Voldatunellen og prioriteringar kring andre vegprosjekt. Ordføraren orienterte om saka.

### OS 74/17 Campusutvikling - Ressursar til å bistå kommunen i planlegging av kulturhus og kino

Rådmannen informerte om at det vert inngått to ulike avtalar i høve konsulentbistand til planlegging av konserthus og kino, ei avtale vil omhandle det byggtekniske, og ei vil omhandle det kulturfaglege miljøet.

### OS 75/17 Stevning Prosjektbygg as for avlysing av konkurranse - totalentreprise for klimaskjerm Ivar Aasen-bygget

Rådmannen informerte om at Volda kommune har blitt stevna av Prosjektbygg as for avlysing av konkurranse, totalentreprise for klimaskjerm Ivar Aasen-bygget.



## **VOLDA KOMMUNE**

### **OS 76/17 Sal av Sanitetshuset - plassering av nytt hovudreinseanlegg**

Rådmannen orienterte om brev sendt frå Volda kommune til Kragset eigedomsmekling AS vedk. orientering om nytt hovudreinseanlegg i Volda sentrum.

### **OS 77/17 Volda fiskerihamn - avhending**

Dan Helge Bjørneset reiste spørsmål om status for avhending av Volda fiskerihamn. Rådmannen orienterte om status for saka.

Møtet slutt kl. 14:10

Rett utskrift,  
Volda kommune, servicekontoret  
02.05.2017

Sonja Håvik  
konsulent